

2026.05.05. Referat frå medlemsmøte

Arvid ønskte alle velkomne til medlemsmøte og informerte litt om kvelden med foredrag ved Reidar Konglevoll, og nytt frå gjengen som er engasjert i U864.

Mai er kalla opp etter den greske vekstgudinna Maia.

Snorre kalla den for «egg-tiden» eller *skerpala*, som eigentleg er tida fram mot midten av juni. For folk i arbeid er dette ei herleg månad å vera i arbeid, med fri både 1. mai, 17. mai, Kristi himmelfartsdag og av og til pinse, som kjem 50 dagar etter påske.

Med mai føl også mykje krigshistorie.

Den 5. mai 1945 fekk heimefronten i oppdrag å stå for orden og sivil administrasjon inntil regjeringa i London kom heim att.

Tyske militære fekk også denne dagen tildelt radiofrekvensar for kontakt med amerikanarane når dei overgav seg.

Qisling og hans menn diskuterte også denne dagen ein mogleg mjuk overgang til fredsstyre.

Og den 8 mai kom freden då Tyskland kapitulerte.

Ein annan viktig dag er 11. mai, då dei tyske styrkane formelt overgav festningen Oscarsborg, og det tyske naziflagget på Oscarsborg vart fira.

Og dermed ei symbolsk overlevering av landet.

Naziflagget var seinare gløymd bort, men kom attende via Sverige og vart i 2015 plassert i Heimefrontmuseet.

Reidar Konglevoll held så engasjerande foerdrag om kvinner sin innsats under 2. verdenskrig.

Der var opp mot 30 kvinner som var aktive i motstandsørsla i vårt distrikt, og Reidar fortalde historien til kvar av dei. Det var desse kvinnene som held familiane saman. Mennene i motstandsørsla stolte på at dei held munn med opplysningar dei fekk tilgang til, og fekk iungane til å gjera det same samtidig som dei skaffa ly til pesonar på flukt frå tyskarane og dreiv gardsdrift så normalt som råd. Mat måttre gjerne handlast på fleire butikkar for ikkje vekkja mistanke om at der var flykningar i heimen.

Desse kvinnene vart ikkje verdsett når krigen var ferdig.

Mennene fekk utmerkelsar medan kvinene ikkje vart nemnd.

Nokre av dei fekk offentleg merksemd i 1995 og nokre få i 2015.

Mange av dei hørde ikkje noko frå det offentlege, men vart verdsett lokalt etter 50 – 70 år.

Det vart så servert snittar og kaffi.

Etter maten vart det informasjon om U864 ved Reidar Ulvøy.
Han hadde fått med seg Kåre Tvedt, Per Lerøy og Idar Hopland.

Reidar fortalde om bakgrunn for kontakten med styresmaktene og opplegget for mandat til arbeid med ubåvraket. Det synta seg at 1. vurdering vart gjort av 1 mann, ein økonom. Dermed vart tildekking tilrådd utan vurdering av last.

Ved ny gjennomgang av saka vart styresmaktene utfordra på å syna CV til beslutningsdeltakarane, og mistanken om liten kunnskap om Sub-Sea utstyr var reell. Denne forespørselen medførte ein del telefonar frå Oslo til Per Lerøy, spesielt då Reidar måtte venda seg til Kongen i Statsråd for å få tilgang på alle.

Det vert no jobba med eit tilleggsmandat for vidare arbeid med fjerning av kvikksølv. I den samanhengen fekk me presentert korleis ein tenkjer seg å heva kvikksølv i lukka kasse med tanke på trykkendringar ved heving.

I dag er kommunikasjonen med styresmaktene god, men Reidar og gjengen jobbar fortsatt med å få personar for styring av mandat for heving til å gokjenna at folk med 10-15 års erfaring frå Sub-Sea arbeid skal styra kva personar som er best eigna til å ha ansvar til diverse oppgåver på kvart sitt fagfelt i Sub-Sea -miljøet.

Per Lerøy fortalde så litt om møte med diverse statsrådar både på Fedje, i Stavanger og i Oslo.

Etter første møtet på Fedje vart det sagt at ubåten skulle fjernast, men så kom løysinga med tildekking basert på økonomi.

Per har sidan dette i saman Reidar arbeidd for heving kvikksølv, der begge har delatt i møte med både styresmakter og Sub-Sea – miljøet. Personar frå dette miljøet har vore engasjert i finna gode løysingar, med arbeid så langt utført på dugnad.

Idar Hopland arbeidde ei stund med Reidar på Statfjord A.

Etter at Reidar engasjerte seg i U864 har Idar vore «sensor» for kva ein engsjert Reidar skriv i brev og e-postar til styresmaktene.

Idar vart gjennom sitt arbeid med 8. mai-feiringar kjend med Nora Hauge, ei av kvinnene i motstandsørsla. Der vart montert ei minneplate etter henne på Selsøyna, laga av kunstnaren Aune Sand. Han gjorde dette arbeidet på dugnad då han såg kor mykje arbeid som var lagt ned av andre.

Mvh

Ottar Rosnes

